

## Uttale til framlegg om nedlegging av tannklinikken i Skånevik

FAU ved Skånevik Skule ser det som særslig uheldig dersom tannlegekontoret her vert nedlagt.

Skulen har over 100 elevar og barnehagen er full.

Alle desse er brukarar av tannklinikken i bygda og er avhengig av hjelp til transport .

Det er tre viktige årsaker til at kontoret ikkje bør leggast ned :

### 1 – Kostnader og organisering

I og med at Skånevik er lokalisert i Etne , 36 km frå Ølen , er det behov for transport for å kome til tannklinikken. Det er ikkje offentleg transporttilbod som egnar seg til eit tannlegebesøk, noko som betyr auka transportutgifter for fylkeskommunen.

### 2 – Tap av undervisningstid

Auka reiseavstandar ved behov for tannhelsetenestar vil gje auka tap av undervisningstid. Dette gjer utfordringar både for den einskilde elev , men og for lærarane som skal planlegge undervisninga. Det vil også ramme næringslivet i bygda då foreldra må ta seg fri for å følgje/transportere borna nesten ein time kvar veg.

### 3 - Andre merknader

Skånevik skule er i vekst og har dei siste åra hatt eit aukande elevtal.

Aktiviteten i bygda har auka og det er god grunn til å tru at han vil auke i åra som kjem.

I tillegg til dette ser me at talet på innbyggjarar i bygda har auka og at mange unge ynsker å busetje seg i bygda.

Me finn det særslig merkeleg at ein ynskjer å legge ned tannklinikken i eit vekstområde i fylket.

FAU ber på det sterkaste om at tannklinikken i Skånevik ikkje blir nedlagt.

Dersom dette skulle bli ein realitet, ynskjer me eit møte med Fylkeskommunen og Etne kommune for å drøfte tiltak som kan redusere dei negative verknadane for elevar, foreldre og lærarar.